

Europaparlamentet: Komitéane har konstituert seg og von der Leyen samlar støtte til sitt kandidatur

11. juli 2019

- Nesten alle komitear i Europaparlamentet har nå vald leiarar og fire nestleiarar
- Sentrumspartia har blokkert ytre høgre frå å få verv i komiteane
- Sysselsettingskomiteen utsette val av leiarskap etter strid om kandidat frå det polske regjeringspartiet
- Ursula von der Leyen har hektisk møteaktivitet i Europaparlamentet for å samle støtte om sitt kandidatur som kommisjonspresident
- Dei grøne vil ikkje støtte von der Leyen og det kjem også kritikk mot henne frå enkelte i S&D og ECR

Dei fleste komiteane har konstituert seg

Dei fleste av dei 20 faste komiteane og 2 underkomiteane i Europaparlamentet konstituerte seg i går. [Heimesida til dei ulike komiteane](#) gjev oversikt leiarar, nesteleiarar og andre medlemmar. Nokre sentrale komiter for Noreg er :

- *Borgarrett-, justis- og innanrikskomiteen* (LIBE): Juan Fernando López Aguilar (sentrum venstre-gruppa S&D, Spania). López har vore leiar for komiteen også 2009-2014.
- *Finanskomiteen* (ECON): Roberto Gualtieri (S&D, Italia) vart attvald.
- *Indre markands og forbrukarvernkomiteen* (IMCO): Petra De Sutter (Dei grøne, Belgia)
- *Industri-, energi- og forskingskomiteen* (ITRE): Adina-Ioana Vălean (sentrum høgre-gruppa EPP, Romania)
- *Miljø-, helse- og matsikkerheitskomiteen* (ENVI): Pascal Canfin (den liberale gruppa Renew Europe (RE), Frankrike)
- *Transport- og turismekomiteen* (TRAN): Karima Delli (Dei grøne, Frankrike)
- *Utanrikshandelskomiteen* (INTA): Bernd Lange (S&D, Tyskland) vart attvald.
- *Utanrikskomiteen* (AFET): David McAllister (EPP, Tyskland) vart attvald

I dei fleste komiteane skjedde avrøystingane med akklamasjon og utan dramatikk. Fordelinga av verv reflekterer i hovudsak den relative storleiken til dei ulike politiske gruppene. Samla har EPP 9 komitéleiarar, S&D 5, RE 4 og Dei grøne, den konservative gruppa (ECR) og ytre venstre (GUE/NGL) ein leiar kvar. Arbeids- og sosialkomiteen (EMPL) har ennå ikkje vald leiar.

Dei fire sentrumspartia var samde om å blokkere ytre høgre-gruppa Identitet og demokrati (ID) frå å få verv. Det førde mellom anna til at landbrukskomiteen (AGRI) valde Norbert Lins (EPP, Tyskland) og rettskomiteen (JURI) valde britiske Lucy Nethsingha (RE) som komitéleiarar i staden for kandidatar frå ID.

Det var også strid om enkelte kandidatar frå det ungarske regjeringspartiet (som er med i EPP) og det polske regjeringspartiet (som er med i den konservative gruppa ECR). Tidlegare polsk statsminister Beata Szydło (ECR) fekk ikkje støtte (27 røyster mot, 21 for) som leiar av arbeids- og sosialkomiteen (EMPL). Komiteen utstette valet av leiar og nestleiarar og er

dermed einaste komité som ennå ikkje har vald leiar. ECR har fått andre verv i komitear, men europeisk fagrørsle var blant dei som oppmoda andre parlamentarikarar om å avvise henne som leiar i nett denne komiteen. ECR-gruppa viste i går til at den manglande støtta til Szydło kunne påverke ECR-gruppas støtte til von der Leyens kandidatur som kommisjonspresident. LIBE-komiteen utsette valet av tredje nestleiar etter at det var klart at ein ungarsk MEP frå EPP-gruppa ikkje ville få fleirtal.

Manglande kjønnsbalanse blant kandidatane førde til at både utanrikskomiteen (AFET) og regionalutviklingskomiteen (REGI) måtte utsette val av nokre av nestleiarane.

Frå Norden vart Tobias Tobé (EPP, Sverige) vald som leiar av underkomiteen for bistand (DEVE). Johan Danielsson (S&D, Sverige) er fyrste nesteleiar i transport- og turismekomiteen (TRAN) og Morten Helveg Petersen er andre nestleiar i industri-, energi- og forskingskomiteen (ITRE)

Storbritannia hadde i førre periode tre komitéleiarar. Det er nå to britiske leiarar. Dei kjem begge frå Renew Europe-gruppa. Det omfattar i tillegg til Lucy Nethsingha i rettskomiteen (JURI) også Chris Davis som leiar fiskerikomiteen (PECH).

Ursula von der Leyen har møter for å samle støtte til sitt kandidatur

Europaparlamentet skal etter planen røyste over Ursula von der Leyens kandidatur til å leie Europakommisjonen i Strasbourg neste veke. Etter at nominasjonen var klar har ho hatt møter med dei ulike politiske gruppene i Europaparlamentet for å samle støtte om sitt kandidatur. Ho må få eit absolutt fleirtal av dei 751 MEP. Det vil i utgangspunktet seie 376 røyster, men fordi tre katalanske MEP ikkje har tatt sete, er det nå berre 748 MEP. Von den Leyen treng dermed 375 røyster. Dei fleste ventar at ho vil oppnå nok røyster, men avrøystinga neste veke kan likevel bli utsett frå tysdag til onsdag for å gje meir tid til sonderingar. Enkelte har også spekulert på om avrøystinga kan bli utsett til hausten dersom ho ikkje er sikker på å få nok røyster nå.

Von der Leyen har ikkje lagt fram eit samla program, men har kome med ein del utspel dei siste dagane. Mellom anna sa ho at det kan vere aktuelt å utsette brexit ytterlegare dersom Storbritannia treng meir tid. Fleire av utspel kan tolkast som frieri ikkje minst til den grøne gruppa. Mellom anna går ho inn for å auke EUs mål om utsleppsreduksjonar frå 40 til 50 prosent innan 2050. Ho har også lova at EU vil trekkje seg frå handelsavtalen med Mercosur-landa om desse bryt sine plikter etter Paris-avtalen. Etter eit møte i går er det likevel klart at dette ikkje er nok til at von der Leyen kan vente støtte frå den grøne gruppa. Ska Keller (Dei grøne, Tyskland) sa von der Leyen hadde for lite konkrete framlegg både når det gjeld klima og rettsstatsutvikling. Også enkelte medlemmer av den liberale gruppa (RE) har etterlyst meir konkrete framlegg knytt til å sikre velfungerande rettsstatar i alle medlemslanda, men denne gruppa har likevel sagt den vil støtte kandidaturet. Nomineringa av von der Leyen var relativt populært hos regjeringane i Ungarn og Polen. Både klima og rettsstat er politikkområde der desse to landa ofte er i utakt med mange andre EU-land. Det er derfor ei grense for kor langt von der Leyen kan kome Dei grøne i møte utan å miste støtte her. Det er

ingen grøne regjeringar i EU og det er derfor i utgangspunktet ikkje venta at noko regjering vil nominere ein grøn politiskar som sin kandidat til å bli kommissær. Det blir likevel spekulert på om ein bakromsavtale som sikrar ein grøn kommissær, kunne bidra til støtte til von den Leyen får Dei grøne.

Internt i Tyskland var nomineringa av von der Leyen omstridt, spesielt i det sosialdemokratiske partiet. Dei 16 tyske MEP frå S&D-gruppa har sagt dei ikkje vil støtte von der Leyen neste veke, jamvel om gruppa elles i hovudsak er positiv til henne. Det er likevel ikkje venta at striden om nomineringa vil utløyse regjeringsskisse i Tyskland.

Kommentar

Dei fleste komiteane konstituerte seg utan dramatikk. Det var kanskje noko meir uro enn vanleg sjølv om ytre høgre også for fem år sidan vart blokkert frå å få verv. Motstand mot at medlemmer av polske og ungarske regjeringsparti skal fylle enkelte postar er likevel tydelegare enn for fem år sidan. Dette gjeld komitear med ansvar for politikk der regjeringane i desse landa blir oppfatta å føre ein politikk som ligg langt unna det som er vanleg elles i EU (t.d. arbeidsliv og rettsstat). Dette kan også gje ein indikasjon på at kandidatar frå desse og enkelte andre EU-land, kan møte motstand når dei skal møte på høyring i Europaparlamentet etter sommaren.

Dei fleste ventar framleis at Ursula von der Leyen vil bli vald som kommisjonspresident neste veke. Utfallet er likevel ikkje gitt og ho kan uansett risikere å bli vald med eit relativt lite fleirtal. Det vil gje henne eit svakare mandat enn ho kanskje hadde sett for seg.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no

